

Fiskeboksen

Barndomsminner fra 1950-60 åra



Et ganske vanlig fiskeredskap blant barn og delvis voksne på den tiden. Denne type hermetikkboks hadde ingen faks i bunnen som bremsset nylonsnøret. I tillegg var diameteren større og gav lettere utløp for snøret og passe rytme for inndragningen. En kunne kaste over 50 meter, avhengig av slukens tyngde.

Denne fiskeboksen som er avbildet ovenfor er gjenkjent av folk fra Jæren, i Bjerkreim, Setesdalen, Seljord, Tønsberg og på Nordlandskysten. Den er sannsynligvis bli nyttet omkring i hele Norge. I dag er det svært få av de unge som har sett slikt fiskeredskap.



Fiskeboksen var i bruk i innlandsfisket, men også i sjøen.

Gaute Skretting, Bjerkreim

forteller fra sin barndom

Gaute (f.1942) voks opp på Nærbø på Jæren og har mange minner om denne hermetikkboksen. Han forteller at boksen også vart nyttet til så mange ting, men også som fiskeredskap.

HERMETIKKBOKSEN

Du hugsar sikkert den gamle fiskebollboksen. Vid og låg, litt gråleg og ruflete. Om der var etikett på, hugsar eg ikkje, ikkje ein gong kva som var i dei kan eg koma i hug. Det er sjølve boksen eg vil fortelja om. Det var eit makelaust ilåt, kunne brukast til all slags.

Først måtte me setja han skikkeleg i stand. Bokseopnarane var ikkje så avanserte den gongen. Som regel vart boksen flerra opp med ein tolekniv. Dei kvasse kantane som då stakk ut, kunne skjera som barberblad i fingrane. Han måtte prepererast. Me la han over skoleisten, og banka han omhyggeleg til, ikkje ei flis måtte stikka ut. Som regel fekk me ikkje låna hammar, me nytta ein lagleg stein. Når fingertuppane gleid lett langs kanten, laga me hol til hankar. To ståltrådbitar som kunne bøyast saman til ein. Med ein hank vart han meir ustødig.

Påsketider tok som regel sesongen for boksen til. Kvar påske gjekk me ut for å koka egg. Nede ved Lodetjørna, gjekk me til stronda på Nøra-Lode. Der var ei god livdakra: To høge steingardar laga livd for dei fleste vindane. Her ruska me saman til bål, og sette boksen med vatn over. På veg til bålplassen, hadde me rive med oss nokre lyngkvastar. Desse sette me til vatnet, egga vart gulbrune. Og så godt som dei smaka. Aldri får eg slike egg nå. Eg trur det var boksen som gjorde susen.

Ikkje lenge etter påske, tok det til å verta liv nord i markene. Den gongen var lyngen einerådande like nord til Nesheim. Lyngtuvene var ypperlege reirplasser for måkane, ja, vipenne og. Men det var måkane me var interesserte i der me smaug oss fram langs gardane, kika gjennom gardhola for å sjå kor reira låg. Dei låg som kvite prikkar bortetter. Og nå kom boksen fram. Han var svart utanpå nå, men fin inni. Me tok sikte på så mange flekkar me greidde, og la ut på røvartokt. Det vart eit fælt kampgny, men ingen blodig kamp. Lufta var fylt av skrikande fjørkre. På stive venger kom dei susande mot oss. Me visste dei ville bøya av, men kvar ny fjørdott fekk oss til å dukka, same kor bestemte me var på å ikkje bry oss. Det var flaut. Me kom oss fram frå reir til reir, fylte boksen med egg. Helst frå reir med 1 eller 2 egg i. Så trekte me oss attende med byttet, og marka låg snart i ro att. Heime bar det rett inn med fangsten, og mor sette i gang med pannekaker. Store haugar som forsvann i svoltne munnar, før dei vart kalde. Korleis dette smaka, har eg ikkje heilt klart for meg. Eg har som ein draum om at eg såg for meg spraglete måkungar, og let gladeleg min del av

stabelen gå til dei andre. – Eggesongen var kort. Ruginga kom for langt, og det var og grenser for kva lodeungane kunne andøyva av bakverk.

Utover sommaren var boksen med oss, særleg ved tjørna. Her var håndsild (ørekyte). Med vare hender greidde me å fanga ein del. Ei for ei, oppi boksen som skvalpa med oss som frakteskute. På ein lagleg stad, bygde me dam til å ha fisken i. Det var vel nokre av dei fyrste oppdrettsanlegga i landet. Når kvelden kom kunne me ha eit steng på 20-30 håndsild. Om morgonen var dei som regel farne. Små uskyldige bylgjer hadde vaska vekk demningen, eller ein forviten måke hadde meska seg med fangsten vår. Var det hemn for egga tru?

Her var større fisk og, fin aure. Det var før sur nedbør og kloakk. Skulle me ha tak i den store auren, sette me bakk (stegla). Då trong me makk, og boksen vart fylt frå feit jord bak lœa til Garman. Mang ein auremiddag vart dregen or Lodehavet. - Seinare, mange år seinare, vart sjølve boksen fiskereiskap. Eit godt trehåndtak inni, og sen til å sveipa rund boksen på utsida. Med denne kunne me kasta ein sluk ganske langt. Me måtte berre passa på å festa senen til handtaket , ellers kunne både sen og sluk gå tapt.

Utpå ettersommaren måtte boksen gjerast skikkeleg rein: Ein neve med fin sand, litt vatn og ein grastust. Det var det beste pussemiddelet me hadde. Og boksen vart fin. Utanpå gjorde me ikkje noko stort vesen av skuringa. Han var svart, og skulle vera det. Kvifor all denne reinsemnda? Jau, boksen skulle nyttast til matauk for vinteren, me skulle etter blåbæra. Me trong ikkje dra lange biten, til Vigreskogen. Ein uhorveleg stor skog, einaste flekken me visste av at det vaks tre, og blåbær. Me tok ut om morgonen. Gjekk me direkte, brukte me 10 min. Men kven har høyrte om ungar som går beint? Men me var nede før middag, den gongen var det klokka 11. Me visste det, utan klokke: Me høyrde hest og kjerre på heimveg, eller hauking frå konene på garden. Men når blåbæra skulle i boks, klatta me ikkje med mat. Me måtte nøyta for å fylla ilåtet, helst med haug på. Me brukte berre fingrane, snøydde kvar kvist. Eg tykte her var overflod av bær. Hadde eg visst korleis ei skikkeleg blåbærli såg ut, hadde vel bæra i Vigreskogen fått stå. Men me var ikkje bortskjemd. Ein neve her, ein der. Dekka botn, gøymt botn. Det mona. Ikkje eit gjekk i munnen, og innhaldet i boksen var absolutt utan blokker og rusk. Me gledde oss til å koma heim med full boks. Mor hadde ein så sneg måte å ta mot oss på: Der sto ho, slo hendene i hop: «Å du for nokre fine bær, og så mykje!» Så tok ho forsiktig ein liten neve, lukka augo, og togg. Så femna ho liksom boksen, mest som ei klukkhøne som ruggar egga under seg. Ho visste kva ros og anerkjenning hadde å seia for ein liten tass. Var det rart me snøydde skogen?

Etter bærhausten var me tilbake i tjørna. Men kald nordavind, regn og anna ulagleg ver, jaga oss derifrå. Me tydde under tak. Fiskebollboksen vart ståande i eit kjellarvindaug, tok i mot skeive spikrar og overflødige skruer. Der sto han til neste påske.

Hermetikkboksen var eit svært anvendeleg ilåt. Den eg har teke vare på, fann eg ved ein bål plass i heia. Han var rigga med hank som den frå min barndom. Her hadde dei nytta han til kaffekjel. Mang ein miljøentusiast kunne lært litt om gjenbruk her.

Aaland Gård, juni 2015

Paul Tengesdal